

Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi

Vedlegg 1 Om kulturminna i planen og grunnlag for utval

Høringsdokument

27.01.2014



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vedlegg til høringsutkast for Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Planen er prioritert i Regional planstrategi 2012-2016 (T-7/12) og skal medverke til meir føreseieleg kulturminnevern i Møre og Romsdal. Planen gir eit oversyn over sentrale utfordringar for kulturminnevernet i Møre og Romsdal, samt oversyn over kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal av regional og nasjonal verdi og set mål for kulturminnevernet.

Innhold

| | |
|---|----|
| 1. Innhold i listene over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi..... | 2 |
| 2. Korleis har vi kome fram til desse listene? | 4 |
| 2.1 Kulturminne og kulturmiljø med formelt vern | 4 |
| 2.1.1 Etter UNESCO sin verdsarvkonvensjon av 1972..... | 4 |
| 2.1.2 Etter kulturminnelova | 4 |
| 2.1.3 Etter "Kyrkjerundskrivet" nr.T-3/00 | 5 |
| 2.1.4 Etter plan- og bygningslova | 5 |
| 2.2 Innspel | 5 |
| 3. Vernekriterier..... | 6 |
| 3.1 Kunnskaps- og kjeldeverdi (objektiv verdi)..... | 6 |
| 3.1 Opplevingsverdi (Subjektiv verdi) | 6 |
| 3.3 Forsterkande, overbyggjande føresetnader..... | 7 |
| 3.4 Bruksverdi | 7 |
| 4. Vernekriteriar og overbyggjande føresetnader..... | 9 |
| 5. Grunngeving for vern | 11 |
| 5.1 Kulturmiljø som er spesielt vektlagt..... | 11 |
| 5.2 Kulturminnearter | 11 |
| 5.2.1 Automatisk freda kulturminne (autom.f.km) | 11 |
| 5.2.2 Kystkulturminne | 12 |
| 5.2.3 Marine og maritime kulturminne..... | 12 |
| 5.2.4 Naustmiljø | 12 |
| 5.2.5 Landbruksminne..... | 12 |
| 5.2.6 Fangstminne (frå nyare tid) | 12 |
| 5.2.7 Tekniske-industrielle kulturminne | 12 |
| 5.2.8 Næringslivsminne | 13 |
| 5.2.9 Merkantil verksemd | 13 |
| 5.2.10 Eldre tettstad/ strandstad/ bymiljø..... | 13 |
| 5.2.11 Kyrkjehistoriske minne, (dei fleste har formelt vern) | 14 |
| 5.2.12 Offentleg administrasjon/ forvaltning/ tenesteyting | 14 |
| 5.2.13 Helsehistorisk minne | 14 |
| 5.2.14 Samferdselsminne | 14 |
| 5.2.15 Reiselivsminne | 14 |
| 5.2.16 Skulehistoriske minne | 14 |
| 5.2.17 Organisasjonslivsminne | 15 |
| 5.2.18 Idrettshistorisk minne | 15 |
| 5.2.19 Friluftslivsminne | 15 |
| 5.2.20 Museum | 15 |
| 5.2.21 Kulturhistorisk minne | 15 |
| 5.2.22 Naturvernhistorisk minne..... | 15 |
| 5.2.23 Krigsminne /forsvarsminne/beredskapsminne. | 15 |
| 5.2.24 Minnestøtte..... | 15 |
| 5.2.25 Grenselinje | 16 |

1. Innhald i listene over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi

Listene inneheld:

- 290 utvalde automatisk freda kulturminne (av nasjonal verdi). Her er teke med dei som er vurdert til internasjonal verdi av Norsk Kulturråd (23), alle mellomalderkyrkjestadane i fylket (52), alle automatisk freda bygningar i fylket (22) og automatisk freda kulturminne som er skilta og tilrettelagt for publikum, eller som er aktuelle for slik tilrettelegging (i BARK og BERG programma).
- 92 kulturminne og kulturmiljø som er vedtaksfreda og har status som nasjonal verdi.
- 59 kyrkjer som er "listeførte" og har status som nasjonal verdi.
- 26 kulturminne og kulturmiljø som er medtekne i landsverneplan og har status som nasjonal verdi.
- 38 kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid av nasjonal verdi + "Den Trondhjemske postvei" som ein finn att i åtte kommunar.
- 663 kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid av regional verdi. Av desse 663 er det 101 kulturminne og kulturmiljø som er regulert til bevaring. 562 har ikkje noko formelt vern i dag.

Listene er ordna kommunevis med opplysningar om:

- Kommunenamn
- namn på objekt
- kategori (kulturminne eller kulturmiljø)
- art/ kulturminneart (sjå liste med skildring)
- type/eventuelt stil
- alder
- vernekriterier¹
- vekting (nasjonal, regional eller lokal verdi)
- staus (automatisk freda, vedtaksfreda, listeført, regulert til bevaring, landsverneplan)
- kort skildring (tilleggsopplysningar som ikkje kjem fram elles på skjemaet).

Listene finn du på heimesidene til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga under :
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Kultur/Kulturvern/Kulturminneplan/Regional-delplan-for-kulturminne-og-kulturmiljoe-av-nasjonal-og-regional-verdi>

Du finn også kulturminna på kart ved å gå inn på

<http://www.gislink.no/kart/index.html?Viewer=Kulturarv>, zoom innog få informasjon om objekta ved å trykke på vis info om kartlag og markere på punktet for det aktuelle kulturminnet.

¹ For vernekriterier er det markert kva element verneverdien er samansett av. Det er gjort ei slik hovudinndeling (jfr. vernekriterier på [side 5](#) i dette vedlegget (vedlegg 1):

| | |
|---|---|
| Kunnskaps- og kjeldeverdi markert i kolonne | K |
| Opplevingsverdi markert i kolonne | O |
| Forsterkande/overbyggande føresetnader i kol. | F |
| Bruksverdi markert i kolonne | B |

2. Korleis har vi kome fram til desse listene?

Vi har lagt vekt på kulturminne og kulturmiljø som avspeglar Møre og Romsdal si historie. Vi har i den samanheng lagt særleg vekt på å få med minne frå historiske periodar og hendingar der Møre og Romsdal har utmerka seg nasjonalt. Objekta er vurderte og vekta etter dei vernekriteria som er gjort greie for i plandokumentet under overskrifta “vernekriterier”.

Det er relativt ambisiøst å ta mål til ein plan som skal gi oversikt over alle kulturminne i Møre og Romsdal av regional og nasjonal verdi. Porsessen har vore omfattande, men det er umogleg å garantere ei “komplett liste”. Ein slik plan må vere dynamisk i høve til at ein ikkje har klart å fange opp alt og i høve til at vurderinga av kva som har regional og nasjonal verdi kan endre seg over tid. Det må derfor vere rom for å legge til og trekke frå gjennom rulleringar ved visse mellomrom.

2.1 Kulturminne og kulturmiljø med formelt vern

Mange kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal har allereie ein formell vernestatus som gir dei regional eller nasjonal verdi og gjennom det ein plass på lista over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi.

Kulturminne som har eit formelt vern er markert i statuskolonnen (automatisk freda, vedtaksfreda, listeført, regulert til bevaring) i opplistinga av objekta. Ei meir utfyllande skildring av kva som har formelt vern finn du på [side 3 i vedlegg 2 til planen](#). Her er ein kortfatta oversikt.

2.1.1 Etter UNESCO sin verdsarvkonvensjon av 1972

- Verdsarvstatus i Geirangerfjordområdet. Her er det føresengene for Geiranger – Herdal landskapsvernområde som fastset vernet.

2.1.2 Etter kulturminnelova

- **Automatisk freda kulturminne:** Alle kulturminne frå før 1537, ca.20 ståande byggverk frå før 1650 og nokre kulturminne eldre enn 100 år (samiske og maritime) er automatisk freda etter kulturminnelova (sjå kapittelet “Kva kulturminne har formelt vern”). Dette er ei svært stor gruppe kulturminne. Mange av dei automatisk freda kulturminna kjenner vi ikkje på grunn av at dei ligg “under torva”, på havbotnen eller liknande. Men dei vi kjenner er også mange i talet. Sidan desse allereie har formelt vern, finn vi ikkje grunn til å liste opp alle her. Men tek berre med eit utval som er tilrettelagt, eller kan vere aktuelt å tilretteleggje spesielt for publikum. Vi har teke med mellom anna 52 kyrkjestader frå mellomalderen. For mange av dei andre kan det vere aktuelt å lage sikringssoner kring kulturminna for å sikre omgivnadane og opplevinga av kulturminnet i landskapet.
- **Vedtaksfreda bygningar og anlegg:** Dei freda bygningane og anlegga har eit formelt vern etter kulturminnelova. I utvelging til freding er desse objekta fagleg vurderte til å ha nasjonal verdi. Ein del objekt er i seinare tid freda etter landsverneplanar. Det er: Norske fyr, nasjonal verneplan for fyrstasjonar (1997), Historiske linjer – verneplan for Telenors bygningar og installasjonar (1997), Verneplan for jernbanebygningar (1993) og Plan for freding av prestegardar.
- **Vedtektsferda bygningar og anlegg:** Vedtektsfreda bygningar og anlegg er freda etter forskrift på grunnlag av landsverneplanar. Slike planar er laga av Statens vegvesen (2009) og Helse- og omsorgsdepartementet (2012). Det pågår utarbeiding av landsverneplanar for Justis- og politidepartementet, Kunnskapsdepartementet, Olje- og energidepartementet/ Statkraft og Jernbaneverket.

2.1.3 Etter "Kyrkjerundskrivet" nr.T-3/00

- Listeførte kyrkjer, 62 stk i Møre og Romsdal.

2.1.4 Etter plan- og bygningslova

- Kulturminne- og kulturmiljø som er regulert til spesialområde/bevaring eller omsynssone. Dette er områder i fylket som allereie har fått ein vernestatus etter ei fagleg vurdering om med heimel i plan- og bygningslova.

2.2 Innspel

Det er i prosessen lagt til rette for innspel, også utfor høyring på planprogram og plan.

Viktig har vore

- Møte med regionråda på Sunnøre og i Romsdal.
- Møteserie med kommunane, totalt 5
- Møteserie med opne møte, totalt 5

Kommunane har også vore invitert til å kome med supplerande innspel undervegs, på grunnlag av ei mellombel liste over kulturminne og kulturmiljø som vart laga etter møteseriane. Kommunane vart særleg oppmoda om å ha særleg søkjelys på kulturminne og kulturmiljø av regional verdi. Frist for innspel blei sett til 21.august.

3. Vernekriterier

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd. Men ikkje alle kulturminne er verneverdige. Eit verneverdig kulturminne er eit kulturminne eller kulturmiljø som har gjennomgått ei kulturminnefagleg vurdering og er identifisert som verneverdig ut frå eit sett med vernekriterier.

Eit viktig mål med den regionale delplanen er å kome fram til kva vi har av verneverdige kulturminne som kan vektast til å vere av regional eller nasjonal verdi.

Når ein skal gjere ei vernevurdering av eit kulturminne eller eit kulturmiljø må ein nytte ein metode der ein får fram kva element verneverdien er samansett av. Det kan vere hensiktsmessig å skille mellom reint vernefaglege vernekriterier (kunnskapsverdi og opplevingsverdi) forsterkande/overbyggane føresetnader og brukstilknyttta vernekriterier. Desse kan nyttast både til å avklare vernestatus (vernenivå) og som styringsreiskap for restaurering, skjøtsel og bruk av kulturminna.

3.1 Kunnskaps- og kjeldeverdi (objektiv verdi)

Kva for kunnskap kan kulturminnet gje oss? Kunnskapsverdien er særst viktig og utgjer ofte fundament for dei andre verdikategoriane. Kulturminna betyr mykje som kjelde til kunnskap og forståing av fortida. Dette kan gjelde ulike forhold som korleis kulturminne har blitt bygd eller laga, bruken av kulturminne gjennom historia, og kva verdi det har hatt, korleis menneska har levd, korleis samfunnet har fungert, og om sameksistensen mellom menneska og naturen.

Det dreier seg om målbare og objektive eigenskapar knytt til kulturminnet sin funksjon, eksistensgrunnlag og historie.

1. **Bygningshistorisk verdi**, der vi kan snakke om materialhistorie, stilhistorie (med lokalhistoriske variantar), teknologihistorie, handverkshistorie, kunsthistorie, arkitekturhistorie og planhistorie.
2. **Næringshistorisk verdi**, der vi kan snakke om landbrukshistorie, utmarkshistorie, fiskerihistorie, industrihistorie, handelshistorie og reiselivshistorie.
3. **Levekårshistorisk verdi**, der vi finn sosialhistorie, busetnadshistorie, utdanningshistorie, idretts- og friluftshistorie og organisasjonshistorie.
4. **Personalhistorisk verdi**, knytt til viktige historiske personar og viktige hendingar.
5. **Religionshistorisk verdi**, der det handlar om kyrkjehistorie, misjonshistorie og minoritetshistorie.
6. **Miljøhistorisk verdi**, med ressurshistorie og økologihistorie.

3.1 Opplevingsverdi (Subjektiv verdi)

Subjektive verdiar, avhengig av betraktaren sin erfaringsbakgrunn, smak, preferansar og temperament. Legg samtidig til grunn faktiske, historiske eigenskapar.

Kva for opplevingar kan kulturminnet gi oss? Opplevingsverdien knytar seg til kva folk flest eller ulike grupper, opplever. Opplevingsverdien kan også splittast opp i fleire element som til dømes:

1. **Arkitektonisk verdi** er samansett av kunstnarleg verdi, estetisk verdi og handverksmessig verdi
2. **Bruksprega/aldersprega verdi/patina**. Spor etter tidlegare generasjonar sin bruk av kulturminnet. Oppleving av høg alder, av nærkontakt med tidlegare tider.

3. **Symbolverdi**, handlar om tilhøyring, identitet og kjenneteikn på viktige hendingar som ofte har medført eit tidsskilje.
4. **Miljøskapande verdi**. Verdien av kulturminnet som kjenslemessig god ramme for menneskets liv og aktivitetar.
5. **Identitetsskapande/kontinuitetsskapande verdi**, kan dreie seg om miljø eller enkeltobjekt som er identitetsskapande for allmenta eller ei gruppe.
6. **Kjensleverdi** kan dreie seg om gjenkjenning, affeksjon, undring og refleksjon.

3.3 Forsterkande, overbyggande føresetnader

Slike forsterkande, overbyggande føresetnader kan nyttast til å vurdere i kva grad kulturminnet er eigna til å formidle dei aktuelle verdiane knytt til kunnskapsverdi og opplevingsverdi.

Det er snakk om føresetnader som styrkar eller svekkar dei ovanfor nemnte verdiane. Ved samanlikning av fleire kulturminne sine verneverdiar kan disse overbyggande føresetnadane nyttast til å vekke/gradere dei kulturminnefaglege vernekriteria. Dei kan dermed vere eit verkemiddel for utveljing av kva for kulturminner som skal vernast, og på kva for vernnivå dei høyrer heime (nasjonal, regional eller lokal verdi).

Fleire av dei overbyggande føresetnadene er ikkje verdier i seg sjølv, men må knyttast opp mot dei andre verneverdiane.

Dei overbyggande føresetnadane kan vere med på å gradere dei ulike vernekriteria i eit kulturminne, og soleis vere eit middel til å peike ut verneform/vernestrategi (kva for vernekvalitet som må takast mest omsyn til i gjennomføring av vernetiltak (restaurering/ending).

1. **Autentisitet**, ektheit, at kulturminnet er det som det gjer seg ut for å vere.
Opphavlegheit, er kulturminnet opphavleg og uendra?
2. **Tidsdjupne**, viser kulturmiljøet/kulturminnet ei utvikling over tid.
3. **Alder**, kor gamalt er kulturminnet? Alder kan og gje vernestatus i seg sjølv (jamfør mellom anna automatisk freda mellomalderbygningar).
4. **Vedlikehaldstilstand**. Korleis er vedlikehaldstilstanden? Har dårleg vedlikehald råka dei dei delane av kulturminnet som i utgangspunktet er viktige for kulturminnet sin verneverdi. Det er lettare å gjennomføre eit vernefagleg godt og økonomisk overkommeleg vern om kulturminnet er i god stand. Men dårleg vedlikehald er ikkje nok for å avskrive vernet. Det må vegast opp mot kulturminnet sin verneverdi (vernenivå - styrken på vernekvalitetane).
5. **Tydelighet/pedagogisk potensiale**. Formidlar kulturminnet eller kulturmiljøet på ein særleg tydeleg og pedagogisk måte. Gir kulturminnet store og intense opplevingar?.
6. **Representativitet/sjeldanheit**. Er det aktuelle kulturminnet eit typisk døme på ein kategori kulturminne (til dømes våningshus), eller er det ein sjeldan variant. Både det representative og det sjeldne kan være god grunngeving for vern.
7. **Miljøverdi** (som del av heilskap). Viktig del av grunnlaget for vurdering av det enkelte kulturminnet sin verneverdi. Kva for verdi har minnet/objektet for det kulturminnemiljøet det er ein del av? Kva vil miljøet tape dersom minnet kjem vekk?
8. **Funksjonalitet/bruksverdi** (også verdi i seg sjølv, sjå nedanfor). I kva grad fungerer kulturminnet til eksisterande eller planlagt bruk?
9. **Kontinuitet**. Representerer kulturminnet ein samanheng over lengre tid?

3.4 Bruksverdi

Kva kan kulturminnet brukast til?

Freding er vern gjennom bruk, og i seinare har kulturminne som ein bruksressurs kome meir og meir i fokus. På den andre sida er det viktig å ha klart for seg at det kan vere konflikt mellom bruk av kulturminnet og ivaretaking av dokumentasjonsverdien/opplevingsverdien. At kulturminnet framleis er i bruk kan vere ein viktig føresetnad for å få til vern, men bruken må vere på kulturminnet sine premisser ved å ta omsyn til dei kvalitetane som gjer det kulturminnefagleg verneverdig.

Bruken kan resultere i verdiskaping, både økonomisk, kulturelt, sosialt og miljømessig. Bruksmessige verdiaspekt kan vere:

- Næringsverdi,
- Økonomisk verdi
- Ressursverdi,
- Gjenbruksverdi,
- Utviklingsverdi,
- Formidlingsverdi
- Pedagogisk (også opplevingsverdi)
- Museal verdi

Ein kan og skilje mellom

- Eksisterande bruksverdi
- Potensiell bruksverdi

4. Vernekriteriar og overbyggjande føresetnader

Vernekriteriar og overbyggjande føresetnader som reiskap for å sortere i lokal, regional og nasjonal verdi (fastsette vernestatus). Dei geografiske verneniå har i første rekke interesse i høve til kva for lovverk som skal vere grunnlag for vernet (lov om kulturminne, eller plan- og bygningsloven).

Det er viktig å kome frem til korleis nemnte vernekriteriar kan nyttast til å fastsette kulturminnet sin vernestatus (skilje mellom lokal, regional og nasjonal verneverdi). Det er og viktig å merke seg at ein ved å nytte vernekriteria til vurdering av kulturminnet sin verneverdi også kan avklare korleis kulturminnet skal setjast i stand. Dette ved at ein må ta omsyn til dei trekka ved kulturminnet som gjer det verneverdig. (Sjå eige planavsnitt om dette.)

Ved fastsetting av vernestatus/verneniå har det mest sentrale vore å ta utgangspunkt i dokumentasjonsverdien i form av historieforteljande verdi. Dette kan vere historie knytt til ein eller fleire av dei nemnte historiske aspekt; bygningshistorisk verdi, næringshistorisk verdi, personalhistorisk verdi og så bortetter.

- Nasjonal verdi: Kulturminne av nasjonal verdi skal vere eit utval som prøver å vise breidda i landet si historie.
- Regional verdi: Kulturminne av regional verdi er kulturminne som avspeglar regionen si historie med viktige utviklingstrekk. Må kome fram til eit representativt utval som avspeglar regionen si historie.
- Lokal verdi: Kulturminne av lokal verdi er eit kulturminne som har tilknytning til lokale hendingar, personar eller anna lokalhistorie.

Eit anna kriterium som har vore mykje nytta til sortering mellom dei ulike verneniå er alder:

- Kulturminne frå før 1536 er definert til å ha nasjonal verdi ved å være automatisk freda.
- Kulturminne (bygningar) mellom 1537 og 1650 kan erklærast som automatisk freda, og dermed ha nasjonal verdi. Der er imidlertid avgjerande kor stor del av bygget som har denne alder, samt at vedlikehaldstilstanden (overbyggjande føresetnad) vert nytta som eit tilleggskriterium.
- Kulturminne frå nyare tid vert som regel definert til å ha regional eller lokal verdi. Undersøkingar har vist at befolkningen har størst interesse for kulturminne frå deira eiga nære historie. Kulturminneforvaltinga har imidlertid og definert kulturminne frå 1900-talet (nyare tid) som eit eige kriterium for freding, og dermed nasjonal verdi. Jamfør prosjektet "Freding av arkitektur frå det tjuande århundre".

Dei ulike opplevingsverdiane kan nyttast som kriterier i høve til alle dei tre verneniå. Det som avgjer verneniået er mellom anna kor store folkegrupper som har slike opplevingar av kulturminnet. «Kvaliteten» av opplevinga kan og vere eit viktig, men problematisk kriterium.

Det som også kan vere med på å skilje mellom dei 3 verneniå er i kva grad dei overbyggjande føresetnadene slår inn. Dette gjeld spesielt:

- Grad av autentisitet
- Grad av opphavlegheit

- Grad av tidsdjupne
- Representativitet/sjeldanheit
- Grad av miljøverdi (del av heilskap).

Det kan vere ein idé å setje opp ei matrise med dei ulike kategoriar vernekriterier langs eine aksa, og forsterkande/overbyggane føresetnader langs andre aksa, og vurdere kulturminnet opp mot dette.

Dei fleste av kulturminna i ein kommune har lokal verdi. Færre har regional verdi. Og enno langt færre nasjonal verdi. Det som avgjer plasseringa i dette verneverdihierarkiet er kor mange av vernekriteria som slår inn, og kor sterkt dei slår inn, målt mellom anna opp mot nokre av dei overbyggane føresetnadene (til dømes autentisitet, tidsdjupne, sjeldanheit/representativitet, med meir).

5. Grunngeving for vern

Kulturminna er ein viktig og vesentleg del av vår kulturarv. Dei fortel oss om korleis mennesket har teke landet i bruk, utnytta ressursane og utvikla stadig meir avanserte teknikkar for å kunne bearbeide råmateriala. Frå tida før vi fekk skriftspråk, er kulturminna den einaste kunnskapskjelda og i mange høve den einaste førstehands kjelda vi har til historia. Gjennom opplevinga av kulturminna får vi vite korleis våre forfedre budde, livnærte seg og forsvarte seg. Ritual og gudsdyrking blir kjende gjennom avbilingar på stein og tre. Pryd- og bruksgjenstandar skildrar ein kunstnarisk evne som ofte forbløffar.

Kulturminna stadfestar og illustrerer historia. Dei fortel også om livleg samkvem med omverda og i enkelte høve om ei sterk påverknadskraft utanfrå. Likt med andre land har vi ein kulturarv vi kallar vår eigen og som er unik for oss. Kulturminna har stor verdi for oss som historieforteljarar og som vitne om samfunnstilhøve og det kulturnivået som rådde her i landet på den tida dei blei anlagt. Vi må vise våre forfedre den respekt at vi hegnar om slike minne.

Kulturminne finn vi overalt i dei menneskeskapte omgivnadane, i by og bygd. Dei inngår i det store kulturlandskapet og gir oss visuelle og estetiske opplevingar i kvardagen. Landskapet er stadig i endring og vil fortsette med det. Derfor er det viktig at vi også tek vare på eksempel frå vår tid – framtida sine kulturminne. Vår evne til å sjå samtida sine verdiar og verne om dei, gjenspeglar på mange måtar dagens kulturnivå.

Å høyre til på ein stad med forankring til fortida gir tryggleik, trivsel og fellesskapskjensle. Og over hele fylket har vi dessutan mange kulturminne som gir oss stor glede, berre fordi dei er vakre.

5.1 Kulturmiljø som er spesielt vektlagt

Viser til plandokumentet si innleiing side 3 der det blir understreka at eit viktig føremål med kulturminnevernet er å sikre førstehands kjelder for dokumentasjon og forståing av vår historie. Ivaretaking av større, samanhengande miljø vil vere eit godt grunnlag for slik historieførståing.

5.2 Kulturminnearter

Opplistinga av kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi har ei kolonne for kulturminneartar der objekta er sorterte etter denne inndelinga:

5.2.1 Automatisk freda kulturminne (autom.f.km)

Alle kulturminne frå før 1537, nokre frå før 1650 og nokre eldre enn 100 år er automatisk freda etter kulturminnelova (sjå kapittelet “Kva kulturminne har formelt vern” i vedlegg 2). Dette er ei svært stor gruppe kulturminne. Mange av dei kjenner vi ikkje på grunn av at dei ligg “under torva”, på havbotnen eller liknande. Men dei vi kjenner er også mange i talet. Sidan desse allereie har formelt vern, finn vi ikkje grunn til å liste opp alle her. Men tek berre med eit utval som er tilrettelagt, eller kan vere aktuelt å tilretteleggje spesielt for publikum, til saman ca.290 kulturminne og kulturmiljø. For mange av dei andre kan det vere aktuelt å lage sikringssoner kring kulturminna for å sikre omgivnadane og opplevinga av kulturminnet i landskapet. Det er derfor teke med eit eige tiltak for dette.

5.2.2 Kystkulturminne

Møre og Romsdal er eit typisk kystfylke. Halvparten av kommunane grenser til det vi kan kalle hav og berre ei kommune (Rindal) er utan sjøtilknytning i form av fjord eller liknande.

Sjøen som kommunikasjonsåre og matfat har vore viktig for mange i fylket vårt gjennom tidene. Mange har hatt heile sitt yrke på sjøen eller knytt til det sjøen har gitt og mange har levt i kombinasjonsyrke. Dette har sett sitt preg på kulturen, byggeskikken og landskapet. Mykje har endra seg i driftsformer og utstyr på sjø og på land.

5.2.3 Marine og maritime kulturminne

Denne kulturminnearten er objekt delvis eller heilt under havoverflata eller i ferskvatn. Eksempel er skipsvrak, åbordar, kjølhalingsringar og Lygnstøylvatnet med neddemt sæter o.a. Dette er eigentleg eit underpunkt under kystkultur, men på grunn av forvaltningsansvaret er det tenleg å skilje det ut som eiga art.

5.2.4 Naustmiljø

Naustmiljø høyrer også inn under kystkulturen, men arten er her brukt om naustmiljø i indre fjordstrøk. Med naustmiljø meiner ein ei gruppe, gjerne ei rekkje med naust av høg alder. I lang tid har nesten alle gardar hatt naust, vegn og båt til samferdsel og fiske.

5.2.5 Landbruksminne

Det andre viktige "primæryrket" i vårt fylke har vore landbruket. Ein del har drive nesten reint landbruk, medan andre også har hatt ein vesentleg "fot i båten". Fiskarbonden har vore vanleg langs kysten. Men fjordabøndene tok også gjerne del i sesongfiskeria på kysten om vinteren tilbake på 1800-talet. Landbruket si utvikling i Møre og Romsdal er viktig å dokumentere med utvikling av tunskipnader, bygningstypar på tun, på innmark og i utmark. Ikkje minst utviklinga av driftsbygningane og utnytting av utmarka er interessant historie der bygningar og landskap er ute av bruk og lett forsvinn.

Landbruket er ei næring som har kravd ei stor bygningsmasse gjennom tidene. Sjølv i dag har landet sine landbrukseigedomar ein million bygningar. Med unntak av kyrkjene er alle våre mellomalderbygningar å finn på gardsbruk. To tredjedelar av dei freda bygningane i fylket tilhøyrer gardsbruk fordelt på embetsgardar og vanleg landbruk og 80 % av SEFRAK-registrerte bygningar er på landbrukseigedomar. Om lag ei fjerdedel av alle driftsbygningar og våningshus på gardsbruk er SEFRAK-registrerte (frå før 1900).

5.2.6 Fangstminne (frå nyare tid)

Kulturminnearten er brukt om fangstanlegg i sjø (laksevorper) og i elv (lakseteiner). Dette er ei lita art, men viktig å ta vare på på grunn av sitt særpreg og si historiske djupne.

5.2.7 Tekniske-industrielle kulturminne

I 1919 hadde Møre og Romsdal flest kraftstasjonar (185) i heile Norge, og i 1923 fekk vi landets første 110 kv leidning (frå Tafjord I til Nørve trafostasjon i Ålesund). Kraftutbygginga hadde også innverknad på/samanheng med etablering av industri

Denne historia må vise att i planen. Møre og Romsdal har mellom anna vore langt framme i motorisering og mekanisering av fiskeflåten.

5.2.8 Næringslivsminne

Denne kulturminnearten er egentleg større enn dei objekta som har fått denne “merkelappen”. Tidlegare er nemnt primærnæringsane landbruk og fiske (kystkultur), også under teknisk- industrielle kulturminne er det teke med mange anlegg som like godt kunne ha vore plassert under næringsliv.

Industrien i Møre og Romsdal har frå starten og langt fram mot vår tid vore prega av relativt små bedrifter plassert rundt om på mange stader i fylket. Unntaka har vore aluminiumsproduksjonen på Sunndalsøra og Devoldfabrikken i Langevåg når den var på sitt største. Innan for konfeksjon og møbel har vi også hatt nokre litt større verksemder som Storm konfeksjon i Isfjorden, P.I.Langlos fabrikk på Stranda og Ekornes med hovudsete i Sykkylven. I dag ser vi en del større konsern innan den maritime klynga som Ulstein og Rolls-Royce, og ein del av skipsverfta (som stadig skifter eigarar).

Norsk Kulturråd la i 1988 fram ei innstilling om industriens kulturminne i Norge. Dei tok fram tre område der Møre og Romsdal var i ei særstilling og burde ta eit “nasjonalt ansvar”. Det var møbelindustrien (særleg på Sunnmøre), konfeksjonsindustrien (særleg i Romsdal) og tradisjonell fisketilvirking (klippfiskproduksjon særleg i Kristiansund). Resultatet av dette blei ei museumssatsing der ein fekk etablert Norsk Møbelfaglig senter i Sykkylven (no avdeling av Sunnmøre Museum), Oddfred Tokles konfeksjonsfabrikk i Isfjorden i Rauma (no avdeling av Romsdalsmuseet) og Klippfiskmuseet på Milnbrygga i Kristiansund (del av Nordmøre Museum).

I dette planforslaget er det viktig å fange opp andre deler av næringslivet i fylket der vi har minne av nasjonal og regional verdi.

5.2.9 Merkantil verksemd

Dette er også ein kulturminneart som egentleg er større enn dei objekta som har fått denne “merkelappen”. Mellom anna er fleire kombinerte fiskevær og handelstader plassert under kystkultur. Her er teke med minne frå handelsverksemd. Sjølv om vi langt på veg har hatt eit “naturalhushald” til fram mot starten på 1900-talet, har det likevel vore handel av ein del varer som ein ikkje kunne produsere sjølv. Handelen blei i lang tid strengt regulert slik at det i hovudsak var byborgarar som fekk drive handel, men dei kunne ha “filialar” ute i distrikta. Dette fekk ei endring i tida før første verdskrigen.

Elles gjekk det føre seg handel på marknader til faste årstider som Romsdalsmarknaden på Devold/ Veblungsnes.

Daglegvarehandelen har endra seg sterkt, særleg etter 1970. Gjennom store delar av 1900-talet var det små, private firma som dreiv daglegvarehandlen med mange småbutikkar i sjølv små bygder. No har handelen endra seg til få og store kjeder som er dominerande med få og store butikkar som ein kun når med bil.

5.2.10 Eldre tettstad/ strandstad/ bymiljø

Møre og Romsdal er eit fylke som tradisjonelt og ut frå næringsgrunnlaget har hatt ein relativt spredt busetnad. Det har likevel vore ein del sentrumsdanningar med offenleg administrasjon og handel. Bystatus vart tildelt Kristiansund og Molde i 1742 og Ålesund i 1848. Alle tre byane har vore utsett for stor brannøydelegging. Ålesund så tidleg som i 1904 og Molde i 1916 og i 1940. Kristiansund blei også bomba og brent i 1940. Alle tre byane har delar som unngjekk bybrannane og har verneverdi. Men også områda som er resultat av oppattbygging (“gjenreisinga”) etter brannane er i dag interessante som verneverdige kulturmiljø.

På landsbygda finn ein fleire bevarte, eldre tettstader og strandstader i hovudsak plassert nær sjøen/fjorden. Enkelte har hatt stor vekst og har gjennomgått gjennomgripande endringar, andre har vorte liggande i område med lite nye innslag og av den grunn blitt lite endra. Men også på enkelte stader med sterk vekst er viktige bygningar og kulturmiljø tekne vare på.

5.2.11 Kyrkjehistoriske minne, (dei fleste har formelt vern)

Kyrkjebygga i fylket er viktige kulturminne. 71 av dei ca.120 kyrkjene i Møre og Romsdal har nasjonal verdi. Fleire av dei ca.50 andre har regional verdi. Sjå avsnittet “listeføret kyrkjer” under kapitlet “Kva kulturminne har formelt vern”.

På 52 stader i Møre og Romsdal stod det kyrkje i mellomalderen (1030 – 1536). Berre på ni av desse stadane står det framleis kyrkjebygg frå mellomalderen. På nokre stader står det i dag nyare kyrkjer og på fleire stader er det ikkje lenger kyrkjebygg, men staden har likevel høg verneverdi. Den har status som automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova og har der med nasjonal verdi.

I tillegg til kyrkjebygg er det teke med gravkapell, kyrkjestallar og liknande.

5.2.12 Offentleg administrasjon/ forvaltning/ tenesteyting

Her inngår anlegg som prestegardar, sorenskrivargardar, lensmannsgardar og rådhus m.m. Dette var viktige institusjonar i samfunnslivet som mange hadde og har eit forhold til og som i enkelte høve hadde og har ein regional funksjon eller står att i dag og fortel ei historie som har interesse for regionen.

5.2.13 Helsehistorisk minne

Sjukehushistoria i Møre og Romsdal markerar i 2013 300 år sidan det første hospitalet på Reknes i Molde. Jordmorteneste, sjukeheimar og eldre sjukehus har minner som fortel om helsehistoria.

5.2.14 Samferdselsminne

Å legge til rette for god samferdsel har vore krevjande i eit fylke som Møre og Romsdal med sin geografi og topografi. Fjellovergangar, båtruter, ferjer og bruer har vore naudsynt. Nokre anlegg inngår i eit nasjonalt nettverk, medan andre har meir regional karakter.

Statens vegvesen er opptekne av å ta vare på si eiga historie og er ein viktig samarbeidspart i vern av samferdselsminne.

5.2.15 Reiselivsminne

Møre og Romsdal har ei lang historie som reiselivsfylke. Det spesielle landskapet og naturen har trekt til seg turistar. Vi finn også verneverdige minner frå reiselivsverksemda i fylket gjennom historia. Mellom anna er nokre av dei første turisthotella er verneverdige og tatt med på lista, men her er også med moderne anlegg med høg arkitektonisk verdi.

5.2.16 Skulehistoriske minne

Skulehistoria i Møre og Romsdal er ikkje ulik den i andre fylke, men på nokre punkt har vi “skrive nasjonal historie”. Volda var tidleg ute med både gymnas og lærarskule (seminar). Molde fekk ein av dei tre første dh-skulane i landet i 1969.

Etter at lov om fast skule kom i 1860 blei det bygt ut eit svært desentralisert mønster med små, første generasjon skulehus, oftast med eit klasserom. Ein del av desse står framleis og fortel lokal og

til dels regional historie. Sjølv om skulebygga låg desentralisert, var det likevel ein stad naudsynt med internatskule på grunn av farleg skuleveg. Seinare blei skulen meir sentralisert, timetalet auka og behovet tilsa større skulebygningar. Undervisningsbehov og folketalsvekst førde til at ein i 1922 bygde eit skulebygg med 32 klasserom og 11 spesialrom samt symjebasseng på Aspøya i Ålesund. For vidare skulegang etter folkeskulen, fekk vi fylkesskular og meir yrkesretta skular innan landbruk og handverk. Det kom også tidleg reint teoretiske læreinstitusjonar i byane som førebuing til studiar

5.2.17 Organisasjonslivsminne

Møre og Romsdal har hatt eit sterkt og rikt organisasjonsliv som blei etablert frå midten av 1800-talet. Det var særleg tre område som fekk sine foreiningar: lekmannsrørsla, fråhaldsrørsla og målørsla med kristelege lekmannsforeiningar, misjonsforeiningar, frilynde ungdomslag, fråhaldslag og mållag. Det blei bygd mange forsamlingshus til aktiviteten i foreiningane som bedehus, ungdomshus og nokre losjehus.

5.2.18 Idrettshistorisk minne

Idrett har vore dyrka også i organiserte former. Tradisjonelle arrangement med sine anlegg samla folk frå store geografiske område sjølv om kommunikasjonane var langt dårlegare enn i dag.

5.2.19 Friluftslivsminne

Friluftslivsminne fortel om organisert og privat friluftsliv med ulike skikkar gjennom historia.

5.2.20 Museum

For museum har vi valt å ta med museumsanlegg på rot (bevart på staden) og museumsbygningar som er freda (også dei som er flytta til museum). For den siste gruppa viser eg til teksten om freda bygningar. Museumsbygningar på rot er i utgangspunktet bygningar eller bygningsmiljø som av museumsvesenet er vurdert til å ha høg verneverdi og derfor funne interessante å ta vare på. Vi har også teke med den eldste bygninga i fylket som er bygd for føremålet museumssamlingar.

5.2.21 Kulturhistorisk minne

Dette er ein kulturminneart som er spesiell og kanskje ikkje har fått ei heilt eintydig "overskrift". Her er teke med kunstnarheimar, skrivestover og atelier rundt om i fylket.

5.2.22 Naturvernhistorisk minne

Dette er ein "smal" kulturminneart. Den omfattar kun minne etter ei viktig hending i nasjonal naturvernhistorie som fann stad i vårt fylke i 1970:"Kampen om Mardøla".

5.2.23 Krigsminne /forsvarsminne/beredskapsminne.

Den andre verdskrigen sette mange spor i vår historie. Ein del fysiske minne ligg att etter okkupasjonsmakta som historiske dokument. "Festung Norwegen" omfatta også Møre og Romsdal med eit nettverk av kystfort og anlegg. I tillegg til desse krigsminna, har vi og teke med ein del minne frå dei som forsvarte landet vårt og ein del minne som fortel om beredskap i tidlegare tider (kornmagasin) og frå den kalde krigen (kystmeldestasjonar).

5.2.24 Minnestøtte

Her er teke med minnesmerke som er sett opp for å markere minne etter ein kjend person som har gjort ein spesiell innsats i samfunnet eller for å markere ei viktig hending.

5.2.25 Grenselinje

Dette er også ein relativt "smal" kulturminneart, men er teken med for å plassere minne etter ein periode midt på 1600-talet (1658) då svenskegrensa gjekk etter "fogderigrensa" mellom Sunnmøre og Romsdal. Grensa gjekk mellom anna over Harøya i Sandøy kommune og Midøya i Midsund kommune.